

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo

Deres ref: 13/1010-

Vår ref: 13/00511 NIRE

Oslo, 27. juni 2013

Høring av NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014

Norsk filminstitutt (NFI) har med interesse lese og gått gjennom Kulturutredningen 2014, og vil med dette gi våre merknader. På det overordna nivået sluttar NFI seg til innstillingane i utgreiinga. Vi har derfor avgrensa våre merknader til det som gjeld instituttets verkeområde, altså filmfeltet.

Utvalet legg sjølv til grunn at politikken på kulturfeltet skal sikre bærekraft, med tre innfallsvinklar (kapittel 10.2, s 97).

- Det første er kulturlivets *verdikjede*, gjennom lenkja skapar – formidling – publikum - læring.
- Det andre perspektivet er dei *strukturelle utfordringar*, spesifisert som kostnadsvekst, vekst i kunstnarbefolkninga, digitalisering og kulturelt mangfald.
- Det tredje perspektivet er *samanhengen og samspelet mellom kulturpolitikken på ulike forvaltningsnivå*.

Vi vil tentativt organisere svaret vårt etter desse perspektiva, med tilvisingar til kapittel og sidetal.

Ein gjennomgang av filmfeltet

Filmfeltet er særleg omtalt i kapittel 11.10. (s 187 – 193). NFI meiner faktaomtalen er god og dekkjande for status på området. Innleiingsvis vil vi likevel peike på at filmfeltet på enkelte område skil seg frå andre satsingar under kulturløftet. Av den økonomiske realveksten på 42,5 % har alt det vesentlege gått direkte til den skapande bransjen, og i liten grad til drift av institusjonar (ref s 17). Når rapporten på s 194 peiker på at auken har gått til NFI, er det korrekte her at auken har gått til fondsfinansiering av utvikling, produksjon og lansering av norsk film, ikkje til driftsoppgåver i institusjonen, som mellom anna femner formidlingsarbeid og arbeid retta mot barn og unge.

I kapittel 11.10.3 blir verknadene på filmområdet omtalt. Her kan det etter vårt syn verke noko tilfeldig kva utvalet har vald å kommentere og kva dei ikkje har tatt omsyn til.

Hovuddelen av avsnittet omhandlar *verdikjeda*, der første leddet er *produksjonen* (s 192). Aktørane understreker at auka produksjon og volum i norsk film har profesjonalisert bransjen og skapt større breidd av sjanger og uttrykk. Så har to aktørar peika på at det etter deira syn har blitt lagt for sterk vekt på kommersielle filmar. I utvalets vurdering på side 194 legg dei til grunn at det blir gjort eit langsiktig og godt arbeid i norsk film, og at dette har blitt forsterka i tida etter 2005. Dei held vidare fram: "Samtidig pekes det på en skjevfordeling mellom støtteordningene, med en for stor vektlegging av de kommersielle filmene. Det kan derfor reises spørsmål ved i hvilken grad filmpolitikken har bidratt til å oppnå målet om produksjoner som er anerkjent for kunstnerisk dristighet og nyskaping." I oppsummeringa på side 16 er dette forsterka enda meir: "Trykket i filmpolitikken har ligget på kommersielle filmer snarere enn på målet om kunstnerisk dristighet og nyskaping".

Vi har sjølv sagt stor forståing for at det kan vere usemje om korleis målsettinga om kvalitet og breidd skal tolkast, men vi ser ikkje at utvalet nokon stad i rapporten har gjort greie for korleis dei har kome fram til denne siste påstanden, og korleis dei definerer filmar i desse ulike kategoriane, utover at dei støtter seg til innspel frå to aktørar.

Rapporten etterlyser måleparameter, og på filmområdet er det forsøkt etablert resultatindikatorar også på kvalitetsmålet. Mellom desse indikatorane er til dømes eksport og internasjonale prisar/nominasjonar. Det vil vere urimeleg å tenkje seg at norske filmar vil lukkast i konkurranse med alle andre land sine filmar utan at dei held høg kvalitet. I perioden frå 2006 – 2010 er eksporten seksdobla, og norsk film har hevda seg i den internasjonale konkurransen. Nasjonalt er film mellom dei mest brukte kulturtilboda i befolkninga, og i dag vel norsk publikum norsk film i langt høgare grad enn tidlegare.

Vi vil åtvare mot å setje opp ei motsetning mellom filmar som held høg kvalitet og filmar som når eit stort publikum. Målet om at kulturuttrykk skal nå ut til eit stort publikum er elles eit overordna mål for heile rapporten, og det må derfor vere overordna også i filmpolitikken. Vi vil også trekkje fram at størstedelen av tilskottsmidla framleis går til kinofilm etter kunstnarleg vurdering. Om desse er dristige og nyskapande nok, er i og for seg ein interessant diskusjon, men det blir ikkje drøfta vidare i høyringa. Både kortfilm og dokumentarfilm er også utelate frå diskusjonen i rapporten, uttrykk som kanskje særleg har sikta mot kunstnarleg dristigheit og nyskaping.

Under *formidlings- og publikumsleddet* har utgreiinga i stor grad avgrensa sine merknader til kinofilmen. Etter vårt syn er dette ein uheldig reduksjon. Publikum møter ulike typar film på ulike plattformar, og store delar av norsk filmproduksjon er nettopp ikkje retta mot kino (dokumentar, kortfilm). Her ligg store utfordringar for framtida, som ikkje blir drøfta.

Utgreiinga skil i liten grad mellom formidling og publikum. Det gjer også at det berre er ny film som blir omtalt. Formidling av filmarv, filmkunnskap eller regiskap er ikkje omtalt. Dersom ein samanliknar med omtalen av litteraturformidling, blir skilnaden påtakeleg.

På same vis er *den strukturelle utfordringa* redusert til digitalisering av kinoen (s 191). Den store utfordringa for den audiovisuelle bransjen er at publikum ser film på ulike plattformer, som har ulike inntektsmodellar. Dagens støttesystem er i liten grad tilpassa dette, og digitalisering er ei minst like stor utfordring for inntektstraumen i filmbransjen som i musikkbransjen. Vi ser heller ikkje at ein har gått inn på kva moglegheiter digitaliseringa skapar for alternativ distribusjon av film.

Det verkar også som rapporten berre refererer Film & Kinos eiga evaluering av kinodigitaliseringa. Rapporten drøftar ikkje den endringa som synest å finne stad i repertoarpolitikken som følgje av finansieringa, men peiker berre på at alle no kan vise filmen i same kvalitet. Samtidig har til dømes filmdistributørane peika på at finansieringsforma med virtual print fee (vpf) kan føre til at den smalare kvalitetsfilmen ikkje når ut over dei største kinoane, fordi avgifta er høgare enn inntekspotensialet på dei mindre kinoane. Ei langsiktig sikring av at kvalitetsfilmen får plass på norske kinoar må vere eit viktig element i filmpolitikken frametter.

Rapporten tek opp kvinnedelen i film. Denne delen er jamt stigande, og ligg i skrivande nivå på godt over 30 % for tilskott gitt i 2013. Utfordringa er likevel stor. Men minst like stor er utfordringa knytt til mangfald på andre område, og vi viser til innspelsrapporten "Av, om, for", der NFI har levert eige høyrings svar. (Det kan elles sjå ut som om utvalet ikkje har kjent til statusen på denne rapporten, ettersom han blir omtalt som eit departementsnotat på side 194).

Samspel mellom forvaltningsnivå er ikkje omtalt direkte på filmfeltet. I omtalen av dagens situasjon legg ein vekt på dei regionale filmtiltaka. I utgangspunktet gjer utvalet ei viktig presisering av skilnaden i hovudmålsettingane for kulturpolitikken sentralt og regionalt (s 99). Dette er ei problemstilling som i høgste grad også gjeld filmfeltet, der den sentrale forvaltninga har kulturelle siktemål, medan regionale fond ofte har næringsmessige siktemål. Samtidig er det statlege pengar involvert begge stader, som igjen er underlagt europeiske reguleringar. Det skapar særskilte utfordringar på korleis desse midla skal spele saman, mellom anna med omsyn til tak for samla tilskott, samordning av regelverk og internasjonale rettar.

Under punkt 11.17.2 drøftar utgreiinga satsing på kultur og næring. Der er film definert som ei av kulturnæringane. Utvalet peiker på at meir kommersialisering gir grunnlag for meir kultur, og at ein derfor bør styrkje innsatsen for å fremje kommersialisering og auka lønsemd i kulturlivet. Det er nettopp denne innfallsvinkelen som har lege til grunn for delar av den regionale filmsatsinga. Men dette perspektivet er altså fråverande i resten av drøftinga, og blir

der faktisk forstått som eit problem, der publikumsmål og salsinntekter blir sett som trugsmål mot satsing på kunstnarleg kvalitet.

Tilrådingar og oppfølging

Det kan synest som om utvalet har hatt liten kompetanse eller interesse for filmfeltet. Tilrådingane er derfor uklare, og etter vårt syn vanskeleg å bruke.

Vi er samde i behovet for å nytte kvalitet som parameter på måloppnåing også på filmfeltet, sjå punkt 11.18 side 227. Men utgreiinga gir veldig lite grunnlag for operasjonisering av omgrepet. Snarare støttar utvalet seg på enkeltfråsegner, utan bruk av statistikk eller klare kriteria, og gir ingen haldepunkt for korleis kvalitetsomgrepet skal bli forstått.

Særleg vil vi beklage at utvalet har avgrensa mandatet til å gjelde berre den nye kinofilmen, og ikkje har grepe fatt i utfordringar knytte til formidling av filmarv, filmkunnskap eller regiskap, og vi meiner derfor at utgreiinga ikkje held tilstrekkeleg kvalitet til å nytte som utgangspunkt for vidare debatt.

NFI vil i samarbeid med Kulturdepartementet gjennomføre ei omfattande evaluering av resultatane av den siste omlegginga i løpet av vinteren 2013/2014. Vidare har styret i NFI sendt over eit notat med framlegg om vidareutvikling av politikken på filmfeltet i samarbeid med heile bransjen. Vi håpar dette kan skape grunnlag for ein ny gjennomgang også av politikken på filmfeltet, og bidreg gjerne i dette arbeidet.

Med vennleg helsing

Nina Refseth
direktør